



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
100/19	Sektorutval for tekniske saker	15.11.2019
163/19	Formannskapet	27.11.2019

Kommunedelplan for Vassforsyning - Høyring planutkast

Bakgrunn for saka:

Stryn formannskap vedtok i sak FO 097/16 oppstart av Kommunedelplan for Vassforsyning og høyring av planprogram.

Planprogrammet vart lagd ut til høyring i perioden 21.06.2016 til 09.08.2016. Det kom inn 4 innspel til planarbeidet. Innspel frå kommuneoverlegen kom inn i etterkant.

Planprogrammet vart fastsett i sak KS 060/19.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Drikkevassforskrifta, matlova og folkehelselova
- Lov om helsemessig og sosial beredskap
- Vassdirektivet og vassforskrifta
- Vassressurslova
- Oreigningslova
- Regelverk vedkomande kommunale vass- og avløpsgebyr
- Damsikkerhetsforskrifta
- Vass- og avløpsanleggslova
- Lov om helsetenesta i kommunen
- Plan- og bygningslova
- Lov om helsetjeneste i kommunen
- Internkontrollforskrifta

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Vedlegg i saka:

Innspel frå kommuneoverlegen i Stryn - Kommunedelplan for vassforsyning	1437548
KDPL Vassforsyning Stryn kommune (006)	1437934

Saksopplysningar:

I sak om fastsetting av planprogram var det kome innspel frå NVE, Folkehelseavdelinga og Mattilsynet, sjå sakstilfanget «Fastsetting av planprogram, Kommunedelplan for vassforsyning».

I tillegg har det kome innspel frå kommuneoverlegen datert 04.11.2019 (vedlagd). Kommuneoverlegen peikar i hovudsak på smitteproblematikk i drikkevassforsyninga, utfordringar kring klima og overtaking av private vassverk for sikre best mogeleg drikkevatt til flest mogeleg.

Norconsult AS har på vegne av Stryn kommune utarbeidd eit utkast til Kommunedelplan for Vassforsyning. Denne planen er tenkt å erstatte Kommunedelplan for vassforsyning frå 2001.

Norconsult har vore plankonsulent for arbeidet medan arbeidet med utkastet har vore utført av ei administrativ arbeidsgruppe.

Utkast til Kommunedelplan for Vassforsyning inneheld ei orientering av målsetting og planprosess, i tillegg planføresetnadar med råmevilkår, folketalsutvikling, levetid infrastruktur og klimaendringar.

Planutkastet definerar også målsetning med vassforsyning og tilstand på vassverka slik dei er i dag. Planutkastet omtalar også forvaltning av vassforsyningsanlegg i kommunen i høve til kva områder som har offentleg vassforsyning og kva områder som har privat vassforsyning.

Avslutningsvis omhandlar planutkastet tiltak og prioriteringar, samt økonomi med årskostnader og gebyrgrunnlag

Vurdering:

Kommunedelplan for Vassforsyning omhandlar i fyrste del ei orientering om mål, planprosess, samspel mellom kommunedelplanar og innspel til planarbeidet. Administrasjonen vil i hovudsak her peike på innspel frå kommuneoverlegen. Kommuneoverlegen peikar på fleire hendingar dei seinare år der drikkevattnet har vore årsak til sjukdom. Det er difor viktig å sikre vasskjelder mot ureining av smittestoff som kan gje menneske sjukdomar. Kommuneoverlegen peikar vidare på at kun ein liten del av innbyggjarane er tilknytt kommunale vassverk, og med eit stadig våtare og ustabil klima vil det være vesentleg å auke tilsyn, kvalitet på råvatn og reintvatn, hygieniske barrierar, leveringskapasitet, driftskompetanse, osv. Dette kan gjerast gjennom kommunal overtaking av fleire private vassverk. Av prioriteringar peikar kommuneoverlegen på beskyttelse av grunnvasskjelda i Loen, rehabilitering av gamle vassrør og som nemnd over, overtaking av private vassverk

I føresetnadane for Kommunedelplan for Vassforsyning er det eit vilkår at planen skal stette til ei kvar tid gjeldande lovverk for trygging av drikkevassforsyninga til innbyggjarane i Stryn kommune

Planen seier og noko om folketal og folketalsutvikling i Stryn kommune. Pr. 1. april 2018 er det 7.214 innbyggjarar i kommunen, og folketalsprognosar tilseier ein auke på ca. 15 % fram mot 2040. Pr. 01.01.2018 er 1.759 abonnentar tilknytt kommunale vassverk.

Kommunedelplan for Vassforsyning har klare mål for vassforsyninga, jfr. kap. 3. Dette medfører forventningar hjå abonnentane og krav til kommunen som leverandør av drikkevatt. Krav til kompetanse, rehabilitering, utbyggjing, personellressursar, økonomi, planverk, osv. til medføre eit auka fokus frå kommunen si side.

Når det gjeld kapasitet peikar planen på at Stryn vassverk snart er på grensa av det vassverket kan levere av kapasitet. Dette gjeld produksjonskapasitet og vil medføre kostnader til oppgradering av vassverk og overføringsledningar. Ei anna utfordring knytt til Stryn vassverk er eit relativt høgt

lekkasjetal i ledningsnett. Det vil medføre trong for utbetring/utskifting av gamle utette rør.

For Loen vassverk er hovudutfordringane hygieniske barrierar for å sikre vasskjelda.

Kommunedelplan for Vassforsyning gjev også ein oversikt over private vassverk. Totalt registrerte abonnentar til private vassverk er ca. 650, noko som er ein vesentleg del samanlikna med antal kommunale abonnentar

Vidare peikar planen på drift og vedlikehald som eit fokusområde, der anskaffelse av eit FDV-system vil være vesentleg for å halde kontroll på rutiner og prosedyrar. Eit tilfredstillande og oppdatert ledningskart er og naudsynt for ei effektiv og god forvaltning av drikkevassforsyninga.

Prioriteringar, tiltak, bemanning og økonomi.

Kommunedelplan for Vassforsyning har følgjande prioritering:

1. Sikring av vasskjelder og god vasskvalitet
2. Ta over private vassverk der dette er nødvendig for å sikre god sivil beredskap
3. God leveringstryggleik og sikre tilstrekkeleg kapasitet for uttak av brannvatn

For å opp målsettinga i planen og følgje opp prioriteringane over, er det nødvendig å gjennomføre dei tiltaka som planen peikar på. Dersom Stryn kommune skal klare å gjennomføre tiltaka innanfor planperioden, må kommunen ha tilstrekkeleg ressursar, både personell og økonomi. I planen er det lagd opp til auke av driftspersonell med ei stilling innan 2022, og ei stilling på drift og ei stilling på prosjektingeniør frå 2025.

Gjennomføring av tiltak nemnd i planen er eit økonomisk løft for kommunen. Handlingsplanen kap. 8.1 listar opp ei tiltaksliste i planperioden med ein kostnad på rett i overkant av 60 MNOK. Av dette utgjer overtaking av private vassverk ca. 40 %. Ved overtaking av private vassverk har kommunen erfart at mange av vassverka treng grundig rehabilitering.

Kommunedelplan for Vassforsyning ligg føre som planutkast og skal leggest ut til høyring i minimum 6 veker.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl § 11-14 vert Kommunedelplan for Vassforsyning lagd ut til høyring i 6 veker frå 01.12.2019.

Sektorutval for tekniske saker 15.11.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

TS- 100/19 Vedtak:

I medhald av pbl § 11-14 vert Kommunedelplan for Vassforsyning lagd ut til høyring i 6 veker frå 01.12.2019.

Formannskapet 27.11.2019:

Handsaming:

Formannskapet ber administrasjonen om ei orientering om planen og innhaldet i denne , i god tid før før det skal gjerast endeleg vedtak i saka.

Sektorutvalet for tekniske saker si tilråding samrøystes vedteke.

FO- 163/19 Vedtak:

I medhald av pbl § 11-14 vert Kommunedelplan for Vassforsyning lagd ut til høyring i 6 veker frå 01.12.2019.